

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo

Høyringsvar til framlegg om rettskrivingsendringar

«Medan eg sat og bala med desse flokane, kom ordet *hen* susande. Det var som eit nytt rom opna seg. Eit rom der det var mogleg å vera mange kjønn på ein gong eller ingen kjønn i det heile. Eit rom med frisk luft, nytt utsyn og god plass, så eg kunne få ein pause frå kjønnskategoriproblemet mitt og berre anda fritt. Eg digga det.»

Kristin Fridtun, *Språket er ei bukse*, 2019, s. 281–282.

Pasientorganisasjonen for kjønnsinkongruens (PKI) viser til høyringsnotatets punkt 4 Forslag til rettskrivningsendringar behandla av fagrådet for normering og språkobservasjon i 2021, underpunkt 4.1.1 Pronomenet *hen*.

PKI er Noregs største organisasjon for menneske som opplever å vere eit anna kjønn enn dei vart tildelt ved fødselen, og den einaste pasientorganisasjonen som eksplisitt organiserer ikkje-binære menneske, det vil seie dei av oss som ikkje identifiserer seg som korkje kvinne eller mann. Blant organisasjonane for transpersonar i Noreg, er det PKI som organiserer flest ikkje-binære personar.

PKI jobbar for eit samfunn der alle, uavhengig av kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, seksuell orientering eller etnisk og religiøs tilhørsle, kan leve gode liv utan å oppleve diskriminering. PKI skal styrke rettar, levekår og livskvalitet for personar med kjønnsinkongruens.

Nyleg viste levekårsundersøkinga *Seksuell orientering, kjønns mangfold og levekår. Resultater fra spørreundersøkelsen 2020* (Norman Anderssen mfl., 2021) at rundt ein tredjedel av alle transpersonar i Noreg har ein ikkje-binær kjønnsidentitet. Tal frå internasjonal forskning og frå PKI si eiga medlemsundersøking tyder på det same. Det vil seie at PKI mest truleg organiserer omkring 200-ikkje-binære personar – ein ikkje utbetydeleg del (mellom 2,2 og 11,15 prosent) av det ein trur er det faktiske talet på ikkje-binære personar i Noreg, om ein legg til grunn at mellom 0,1 og 0,5 prosent av befolkninga er trans, og at ein tredjedel av desse er ikkje-binære.

Framlegget til Språkrådet går ut på at *hen* skal bli tatt inn i normene for bokmål og nynorsk som kjønnsnøytralt pronomen. Språkrådet vektlegg bruksprinsippet (punkt 6.2.3 og 7.2.3 i retningslinjene for normering) i si grunngjeving for forslaget, og peikar på at ordet har vore i bruk på norsk i 15–20 år.

PKI er samd med Språkrådet i at det er godt grunnlag for å innlemme *hen* i dei norske skriftspråknormene. Blant dei av oss som har ein ikkje-binær kjønnsidentitet, er det mange som i dag nyttar *hen* som sitt pronomen. Det å bli omtala med riktig pronomen bidrar til auka livskvalitet, og for dei av oss som brukar eller ønsker å omtalast med pronomenet *hen*, vil det vere ei støtte å kunne vise til at det har fått plass innom normene for nynorsk og bokmål. Ei formell språkleg anerkjenning av *hen* som kjønnsnøytralt pronomen vil med andre ord bidra til auka livskvalitet for mange transpersonar.

Hen blir i dag brukt både i det Språkrådet i høyringsnotatet kallar «kjønnsoverskridende betydning», det vil seie som pronomen for dei som «ikke identifiserer seg som *han* eller *hun*», og som kjønnsnøytralt pronomen i tilfelle der kjønn er anten ukjent, irrelevant eller det er ønskeleg å utelate kjønna pronomen av andre grunnar, så som for å sikre anonymitet. Her skriv Språkrådet at *hen* blir brukt som erstatning for «*vedkommende* eller *han* eller *hun* / *hun* eller *han*». PKI vil her legge til at *hen* også har ein funksjon i likestillingsaugemed, da *hen* vil kunne motverke stereotype idear om kven som innehar visse posisjonar eller stillingar i samfunnet, som elles kan oppretthaldast ved bruk av *han* som «nøytralt» pronomen (til dømes om alle som køyrer bil, er lege, osv.). Å motverke kjønna stereotypiar og å fremme likestilling er mål i seg sjølve, og det kjønnsnøytrale pronomenet *hen* kan spele ei rolle i dette.

Vi forstår av framlegget at Språkrådet legg særleg vekt på sistnemnde bruksområde, altså *hen* som alternativ til *vedkommande* og så bortetter. PKI vil understreke at førstnemnde bruksområde fortener ein minst like framstående plass, og at ei meir utførleg utgreiing kva gjeld denne bruken er viktig.

Vidare har vi nokre innspel som vi meiner er naudsynte for å sikre at ordboksartiklane inneheld korrekt skildring av bruksområda for *hen*. For det første ser vi oss nøyddde til å minne om at *hen* i den første tydinga ikkje berre kan erstatte *vedkommande* eller *han* eller *hun*, men også nettopp *hen*. Å utelate dei av oss som blir omtala med pronomenet *hen*, frå denne bruksskildringa, vil nærmast vere å gå imot Språkrådet sitt eige framlegg, og vi håper Språkrådet vil formulere dette på ein korrekt måte i ordboksartikkelen. Om *hen* skal vere eit pronomen likeverdige *ho* og *han*, er det viktig at det nettopp ikkje er ei erstatning for *han* eller *ho* / *ho* eller *han*, men ei reell kjønnsnøytral form som, slik Språkrådet skriv, i denne tydinga signalisere at kjønn er irrelevant eller ukjent. Med andre ord kan det altså vise til nokon med kva kjønn som helst – ein mann, ei kvinne eller ein ikkje-binær person, eller fleire av dei ovannemnde kjønna.

I den andre tydinga viser *hen* til éin person som er ikkje-binær, altså berre ein av dei ovannemnde kjønnskategoriane.[1] Om denne tydinga skriv Språkrådet i høyringsnotatet: «Det brukes om personer som ikke identifiserer seg som *hun* eller *han* (såkalt kjønnsoverskridende betydning), og som kjønnsnøytralt pronomen i stedet for *vedkommende* eller *han* eller *hun* / *hun* eller *han*.» Her vil PKI presisere at menneske ikkje har pronomen som kjønnsidentitet. Sjølv om dei fleste menn brukar pronomenet *han*, dei fleste kvinner *ho* og mange ikkje-binære menneske *hen*, vil ikkje det seie at dei «identifiserer seg som *hun* eller *han*» – eller *hen*. Det er ikkje eit éin-til-éin-forhold mellom kjønnsidentitet og pronomen, og det er derfor viktig at Språkrådet ikkje bidrar til å spreie denne misoppfatninga blant kjønnsnormative menneske som nyttar seg av ordbøkene, ved å sidestille kjønnsidentitet og pronomen i tydingsskildringane knytte til *hen* i nynorsk- og bokmålsordboka.

[1] Ikkje-binær kjønnsidentitet er ein samlekategori for ulike opplevingar av kjønn som fell utanfor kategoriane «kvinne» og «mann», men for enkelheits skuld går vi ikkje vidare inn i dette her. Merk berre at ikkje alle ikkje-binære brukar pronomenet *hen* om seg sjølv. Det er også slik at folk med ein binær kjønnsidentitet, altså dei av oss som er kvinner eller menn, òg kan nytte *hen* som pronomen. Pronomen er ikkje lik kjønnsidentitet.

Språkrådet kallar vidare denne tydinga av *hen* for «kjønnsoverskridende». Det er ein måte å beskrive *hen* på som PKI ikkje er kjend med; vi har ikkje tidlegare sett nokon bruke dette omgrepet om pronomenet. Vi forstår det slik at eit pronomen i seg sjølv ikkje kan vere kjønnsoverskridande. Ordet kjønnsoverskridande vert til vanleg nytta om kjønnsuttrykk som bryt med dei til ei kvar tid gjeldande normene for kjønn i eit samfunn. Sjølv om mange menneske som har eit slikt kjønnsoverskridande uttrykk, vil nytte *hen* som pronomen, er ikkje altså ikkje pronomenet i seg sjølv kjønnsoverskridande.

Vidare skriv Språkrådet: «Hvordan formen *hen* blir brukt, altså i hvilke betydninger, reguleres derimot ikke ved dette normeringsvedtaket.» PKI er einig i at Språkrådet korkje kan eller bør regulere korleis, altså i kva tyding, *hen* blir brukt. På same tid vil det at *hen* får artikkel i ordbøkene medføre at kjent bruk skal skildrast, og allereie der Språkrådet skriv at *hen* blir brukt på to forskjellige måtar, legg ein nettopp føringar for korleis språkbrukarar forstår ordet. Innanfor desse rammene er det særst viktig at skildringa av allereie etablert bruk er korrekt. Og som vi har peika på ovanfor, har skildringane i høyringsnotatet ein veg å gå.

Ifølge forfattar og filolog Kristin Fridtun er *hen* «eit knakande godt ord som norske språkbrukarar [har] bruk for» (*Språket er ei bukse*, 2019, s. 281). Det meiner PKI også, og vi støttar derfor forslaget om å innlemme *hen* som kjønnsnøytralt pronomen med ulike bruksmåtar i normene for bokmål og nynorsk, samtidig som vi håper at Språkrådet lyttar til innspela våre kva gjeld definisjonar og korrekte skildringar bruksområde.

Med venleg helsing
Pasientorganisasjonen for kjønnsinkongruens (PKI)

